

# Auke av bompengetakstane for Kvammapakken



Den 01.06.23 kl 00:00 vert bompengetakstane for Kvammapakken justerte etter konsumprisindeksen (KPI). Takstane vert justerte med grunnlag i takstvedtak fatta av Vegdirektoratet 02.05.23.

## Nye takstar frå 01.06.23

	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2
Ordinære køyretøy og nullutsleppskøyretøy utan avtale	28,00 kr	36,00 kr
Ordinære køyretøy med AutoPASS-avtale	22,40 kr	36,00 kr
Nullutsleppskøyretøy med AutoPASS-avtale	11,20 kr	0,00 kr

**Takstgruppe 1:** Køyretøy med tillaten totalvekt til og med 3500 kg, samt køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale.

**Takstgruppe 2:** Køyretøy med tillaten totalvekt frå 3501 kg, ekskl. køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale.

Rabatt- og fritaksordningar fortset som tidlegare.

Takstvedtaket er tilgjengeleg på <https://ferde.no/takstvedtak/>

---

Takstendringa kan klagast på til Samferdselsdepartementet innan tre veker frå kunngjering. Klage kan sendast til Statens vegvesen Vegdirektoratet, Postboks 8142 Dep., 0033 Oslo, eller [firmapost@vegvesen.no](mailto:firmapost@vegvesen.no)

